



Fløysand VA, as
v/Terje Fløysand
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4139 - 16/7896

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
21.04.2016

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk gbnr 6/23

Administrativt vedtak. Saknr: 102/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 02.03.2016 og supplerande opplysningar journalført 05.04.2016, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad i Bjørndalsvegen, gbnr 6/23.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat felles vassledning som frå før går fram til tre eigedomar i området jf vedlagte situasjonskart, journalført 05.04.2016. Det ligg føre erklæring frå eigarane av denne private vassledningen som gjev eigedomen gbnr 6/23 rett til dette. Ledningen vert ein forlenging av tidlegare godkjent privat stikkledning som går frå kommunal kum ved Bjørndalvegen, jf kart.

Vurdering:

Eigedomen har fått godkjent utslepp til minireinseanlegg i sak DNT.100/2016. Naudsynte erklæringar ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som viast på motteke situasjonskart, journalført 05.04.2016.

Erlæring om ansvarsrett:

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Fløysand VA.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på gbnr 6/23 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 02.03.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 05.04.2016, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- pluss mva, per bueining.

Føretaket Fløysand VA har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling 6-23

Kopi til:

Einar Karlsen v/ Marit Holm Monsen	Statsråd	5142	FYLLINGSDALEN
	Sælenesvei 6		

Mottakere:

Fløysand VA, as	v/Terje Fløysand	5918	FREKHAUG
-----------------	------------------	------	----------